

## Opprop til støtte for kulturfaga i vidaregåande skule

Frå hausten av må elevar som vil ta dans- og drama opplæring i Vestland fylkeskommune, reise til Bergen. Det blir konsekvensen dersom fylkesdirektøren for opplæring får politikarane med på å ikkje vidareføre dagens tilbod ved Firda vidaregåande skule på Sandane. Vi som har skrive under dette oppropet, vil på det sterkeste ta avstand frå ei dramatisk nedbygging av kulturfaga i distrikts-Vestland. Vi treng dagens tilbod på Firda vgs. for å rekruttere nye talent til kultursektoren og gje dagens unge eit kreativt opplæringsstilbod.

Utdanningsprogrammet i musikk, dans og drama på Sandane har vore ei stor inspirasjonskjelde for kulturlivet i Sogn og Fjordane. Det faglege nivået har vore høgt, elevane har utfolda seg i store oppsettingar på skulen og i samarbeidsprosjekt med til dømes Opera Nordfjord, Teater Vestland, Teaterfestivalen i Fjaler og mange andre viktige kulturaktørar i fylket. Vi ser også at mange av elevane frå Firda gjer karriere i det profesjonelle kulturlivet både i eige fylke og på riksscener rundt i landet. Å ta vekk dans- og dramatilboden på Firda slik fylkesdirektøren no gjer framlegg om, kjennest som eit knyttneveslag både mot kulturlivet og skaparkrafa i fylket vårt.

Vi er klar over at søkartalet til dans- og drama opplæringa på Firda vgs er relativt låg det komande skuleåret. Vi vil likevel be om at tilboden vert starta. Tilboden på Firda er det einaste dans/drama tilboden i distriktsdelen av Vestland. Vi veit at tilboda i Bergen er fylt opp med andre ungdommar. Dersom ein skal kunne ha bredde i opplæringsstilboden, og oppretthalde eit sterkt kompetansemiljø, må ein tolke at det nokre år er noko lavare elevtal i enkelte grupper.

Det vil vere eit stort tap for kulturarbeidet i regionen vår om dans/drama tilboden ved Firda vgs ikkje kjem i gang komande skuleår. Vi vil på det sterkeste tilrå at tilboden kjem med i det endelige oppsettet slik at dei unge kan få oppfylt draumen sin om å stå på scena og skape rike kulturopplevingar for folk flest i bygd og by.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag	v/dagleg leiar Nikolai Storevik
Dans uten grenser	v/dagleg leiar Elisabeth Bustos
Bergen Dansesenter	
-kompetansesenter for dans i Vestland	v/leiar Liv Basberg
Teaterfestivalen i Fjaler	v/Torkil Sandsund
Kulturskulerådet	v/rådgjevar Kristin Geiring og styreleiar Kjetil Högseth Felde
Gloppen Musikkfest	v/festivalsjef Ola Tennes og styreleiar Hanne Oftedal
Ose Kammerspel	v/festivalsjef Ann Karin Ose
Jølster Jazzklubb	v/leiar Hallvar Helgeheim
Norsk Countrytreff	v/leiar Vegar Sårheim
Glopperock	v/Remi Tystad
Fjordblues	v/leiar Hans Andenæs
Opera Nordfjord	v/ operasjef Kari Standal Pavelich
Førdefestivalen	v/direktør Sølvi Lien
Høgskulen i Volda, avd. kulturfag	v/ Jon Are Steen
Balejazz	v/Sigurd Kvikne
Griegakademiet	v/Randi Rolvsjord
OnCue Music Production	v/Kristin Sandal og Stig Kamonen
Trivselshagen – kultur	v/dagleg leiar Ola Tarjei Kroken
Gloppen Kulturskule	v/rektor John Rune Ødven
Stryn Kulturskule	v/rektor Ingrid Schei Stuhaug

Sunnfjord Kulturskule v/rektor Trude Skarvatur  
Stad Kulturskule v/rektor Benedikte Dæmring  
Kinn Kulturskule v/Rektor Arne Sunnarvik  
Sogn Kulturskule v/rektor Roar Sandnes  
Kulturskulen i Hyllestad, Askvoll og Fjaler v/rektor Mats Systaddal  
Årdal Kulturskule v/rektor Sigyn Øren  
Aurland Kulturskule v/ rektor Katrine Clausen Fredheim  
Danseverkstedet i Førde v/leiar Jorunn Reina  
Teater Vestland v/ teatersjef Cecilie Grydeland Lundsholt  
Bergen Nasjonale Opera og direktør Aud Marie Aasen  
v/ direktør Olaf Mackenzie og Eivind Gullberg Jensen  
BIT Teatergarasjen v/ konstituert kunstnerisk leiar Ingrid Ellestad